



Knarvikgården AS
Postboks 42
5902 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/695 - 19/26872

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
11.09.2019

Innkalling til tilsyn fettutskiller GBNR 188/75 Knarvikgården Gjervik Ytre

Lindås kommune syner til vårt brev av 06.03.2019 der vi førehandsvarsle om tilsyn av fettutskiller ved Knarvikgården.

Teknisk drift har tidlegare vore i kontakt med Dykk vedkomande manglande tømning av fettutskiljar ved Knarvikgården AS. Vi har informert både Dykk og tømmeoperatør om at det er kommunen som kan endre på tømme- og loggefrequens for eit utskiljaranlegg. I Lindås kommune er tømmeffrekvens for fettutskiljaranlegg 3-12 gonger per år. Som abonnent på avløpsstenester skal Knarvikgården AS dokumentere at ei tømmeffrekvens på minimum 3 gonger per år er forsvarleg.

I løyve til å knytte anlegg ved Knarvikgården på kommunalt nett er det satt krav om at anlegg skal tømmast ved behov og minimum 3 gonger per år. Når anlegg skal tømmast minimum 3 gonger per år vil dette betyr at anlegg må tømmast kvar 4 månad. Tømningar skal være jamt fordelt ut over året (for eksempel April, August og Desember). Dersom det er krav om at anlegg skal tømmast 4 gonger per år skal tømning utførast kvar 3 månad (som til dømes Mars, Juni, September og Desember).

Årsrapport 2016, 2017 og 2018:

Det vi ser av årsrapport for 2016 er anlegg tømt 3 gonger i løpet av ei periode på 6 månader (20 juni, 29 september og 15 desember), i 2017 er det utført 2 tømningar (18 august og 16 oktober) og i 2018 to tømningar (1 juni og 2 november). Vi ser også at temperaturlogging er utført rett etter at anlegg er tømt, reingjort og tilført kaldt vatn (14-35 dagar etter tømning). For å få ei så korrekt temperaturlogg som muleg, bør logging utførast rett før tømning. Dette for å unngå driftsstans under tømning, reingjering og vedlikehald av anlegg, samt oppfylling av anlegg med kaldt vatn påvirkar loggeresultatet.

Anlegg ved Knarvikgården AS har ei kapasitet til å lagre 280 liter fett. Dette utgjør ca 15 % av anlegget sitt våtvolum. Når anlegg er fullt, vil det ikkje lenger kunne skilje ut og lagre meir fett slik at fett vert ført ut på avløpsnett. Da anlegg er eit felles anlegg for Milano og Nan Tian House er det svært viktig at anlegg vert tømt regelmessig og iht til kommunen sine krav. Milano og Nan Tian House er to spisestender som har høgt utslepp av fetthaldig avløpsvatn. Kommunen har, per dags dato, ikkje fått tilstrekkeleg dokumentasjon for å kunne vurdere anlegget sin reisefunksjon og om det stettar kommunen sitt krav.



Innkalling til tilsyn:

Knarvikgården AS vert, med dette brev, kalla inn til tilsyn:

Onsdag 25.09.2019 kl. 10.00 på Rådhuset i Knarvik.

Føremål med tilsynsmøte er å gå igjennom abonnenten sitt ansvar for å dokumentere at anlegg stettar kommunen sine krav.

Tiltak som kommunen vil vurdere:

- Anlegg er registrert fullt ved tømning. Kommunen vil vurdere å auke tømme- og loggefrequens for å unngå at fetthaldig avløpsvatn vert ført ut på avløpsnett når anlegg er fullt.
- Abonnenten plikter iht til «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser» å overholde vilkår som er satt for å ha anlegg knytt på kommunalt avløpsnett. Kommunen kan ved misleghald av vilkår stengje vasstilførsel til eigedom og halde denne stengt inntil forhold er retta.

Det er med heimel i forureningsforskrifta § 15 A-4, forskrift for fettutskiljar for Lindås kommune, «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», samt vilkår i gitte løyve at kommunen sett krav til utskiljaranlegg som er knytt på kommunalt avløpsnett. Kommunen har, i gitte løyve, satt krav om innsending av dokumentasjon som viser at anlegg stettar krav til utslepp og at anlegg har rett drift (tømme- og loggefrequens) og vert vedlikehalde (sjekk av alle overflater, urverk, skrapeverk, utløp etc).

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knarvikgården AS

Postboks 42

5902

ISDALSTØ